

# † KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 2 VÅR 2013  
38. ÅRGANG

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no  
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Linda Rea Herland	56 19 22 84
Trent Bruner	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

**Prestane:**

Sokneprest Tom Sverre Tomren  
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Organist Linda Rea Herland 980 58 770  
Organist Trent Bruner 56 19 22 85

**Kyrkleleg fellesråd:**

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424  
Nestleiar: Jenny Eikeland  
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,  
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Roger Breivik  
Hosanger: Jan Roald Myking  
Hamre: Merethe Mjelstad  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Wenche Fiskeseth

**Kyrkjeheising redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124  
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik  
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy



Det er vår og lyse dagar. Biskopen vår, Halvor Nordhaug, vil bruka våren og resten av året til å setja fokus på ungdommen og kallar året 2013 for Ungdomsåret i Bjørgvin bispedøme. Ut frå biletet som er trykt på framsida har han laga teksten som står på neste side her.

Biletframstillingar i denne stilene kallar vi for ikonar. Ordet i seg sjølv tyder ”bilete”, og vert i vår tid også nytta på mange andre typar framstillingar og teikn enn dei reint religiøse. Men i kunsthistoria er ikonmaleri eit bilete laga på ein bestemt måte innafor ein eigen tradisjon som har sine klare og bestemte reglar.

Den gresk-ortodokse kyrkja og kyrkjekunst frå Russland er kanskje det vi først og framst forbinn med ikonar. Men i mellomalderen laga ein bilete i denne stilene i eit stort område, og biletet vi har på framsida kjem frå Egypt. Det er laga kring år 600, og er med andre ord ei svært gammal Kristus-framstilling.


For ein ikonmålar er ikkje poenget å framstilla figurane så realistiske som mogeleg. Men det er viktig å laga dei på ein måte som gjer at dei er lett attkjennande. Tanken er at tilskodaren ikkje skal lata seg blenda av framstillinga, men vera bevisst den heilage som er framstilt. Altså nytta biletet som ein veg mot det heilage nivået, gjerne til meditasjon.

Opp gjennom kyrkjhistoria har frå tid til annan bruken av bilete vore oppe til debatt. Det har blitt hevd at vakre utsmykkingar tek merksemda bort frå det vesentlege i kristentrua, at det er ei avsporing. Og ein del kyrkjekunst har i periodar blitt øydelagd på bakgrunn av vedtak om at ein ikkje skal driva bilet-dyrking i kyrkja, men gudsdyrkning. Kring år 800 var det sær ille i Konstantinopel, då religiøse bilete for ein periode blei forbodne. Nærare vår tid, i siste halvdel av 1800-talet, vart mykje religiøst biletmaterial og dekor overmalt med lys farge i kyrkjene våre her til lands. I muslimske og jødiske gudshus finn ein ikkje bilet i det heile.

Eg tykkjer tilliks med biskopen vår at gode biletframstillingar kan vera ei kjelde for både refleksjon og undring, og tenkjer at kunstarlege uttrykksformer er med på å gjera livet rikare for oss menneske.

- Kristoffer Foldøy

# *Andakt*



## **JESUS OG VENEN HANS**

Ikonet viser Jesus og ein egyptisk abbed frå ca. år 600 som heitte Menas. Biletet heng i dag i Louvre-muséet i Paris.

Til venstre for abbeden står namnet hans skrive. Til høgre for Jesus står det «Frelsar» på gresk.

Begge har glorie, eit æresteikn som viser at dei er heilage. Hos Jesus har glorien også ein kross.

Jesus og abbeden er omrent like høge. Jesus legg handa si rundt abbeden sine skuldrer. Dette er eit vennskap der den eine ikkje gjer seg stor i forhold til den andre.

Ikonet minner oss om ordet i Joh 15,15: «*Eg kallar dykk ikkje tenrar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vene...*»

Jesus har større augo enn abbeden.  
Han ser meir.

Til gjengjeld har abbeden store øyro. Han lyttar til det venen har å seie.

Jesus held ein bibel i handa.  
Abbeden peikar mot Jesus med to fingrar, og viser til han.

Dei to fingrane viser til at Jesus har to naturar: sann Gud og sant menneske.

Abbeden skjeglar litt med venstre auga. Med eitt auge ser han mot Jesus og med det andre ser han på vegen som ligg framfor.

Abbeden har føter, men kva med Jesus? Er føtene hans skrapte vekk, eller var dei ikkje der frå starten? Kanskje er tanken den at Jesus i dag kjem til verda gjennom Menas og alle andre av oss som er venene hans?

- *Biskop Halvor Nordhaug*

# DÅPSKULEN 10 ÅR!

I 2003 starta Gjerstad sokn og Haus sokn, i samarbeid med Bruvik sokn, dåpskule for 1.klassinger. Sokna vil hjelpe foreldra med å oppdra barna i den kristne forsaking og tru som vi døyper barna til, og dette er eit av tilboda som dei får.

Tekst: Gerd Karin Njåstad

Foto: Madli Kyamme Hannisdal

På dåpskulen tar vi for oss ulike tema. Høgtidene står sentralt, det same gjer sakamenta. Kvar gong for barna høyra ei bibelforteljing, og me syng sanger. Etterpå lagar ungane eit bilet av det vi har snakka om. Da sit vaksne rundt bordet og snakk med ungane, og ungane spør om dei lurer på noko.

I Haus har det vore dåpskule i Kyrkjelydshuset. I Gjerstad sokn har vi samlingane på Hauge bedehus, og dei siste to åra har Bruvik og Haus vore invitert dit. Det er 5 samlingar i bedehuset, og to i kyrkja. På den fyrste samlinga i kyrkja har vi kyrkja heilt for oss sjølve. Prest og organist er invitert til å vera med for å visa kva som er deira jobb i kyrkja.

Presten fortel blant anna om kleda som han brukar på gudstenesta. Vi fortel om nattverden, og alle som vil får smaka. Ellers svarar vi på spørsmål så godt vi kan. Er organisten der, får alle som vil prøva, spela på orgelet. Til slutt går vi opp i høgste tårnet for å testa om det er lyd å få i kyrkjeklokkene. Kvelden vert avslutta med noko å bita i.

Tradisjonen i Gjerstad er at vi markerar avslutning på dåpskulen Palmesundag. Då kjem eselet med "Jesus" på ryggen, ridande inn i starten av gudstensta. Alle born, anten dei er unge eller gamle, får tilbod om å vifte med "palmegreiner," og væra med på opptoget. Under gudstenesta viser barna bileta dei har laga på samlingane, og nokre år syng dei for kyrkjelyden. Dei får også ulike oppgåver under gudstenesta.

Me har fått mange positive kveldar med dåpskulen, og håper at mange fleir vil takka ja til dette tilbodet i tida framover.



Frå familiegudstenesta på Gjerstad Palmesøndag.



# DØVESKULEN I N'GAOUNDÉRÉ, KAMERUN



Det er mange døve i Kamerun, sjølv om dei ikkje finst på offentlege statistikkar. Det er fleire med hørselsskadar der enn i Noreg på grunn av epidemiar av hjernehinnebetennelse. Det finst vaksine mot meningokokk, men det er dei færreste som har råd til dette. Det er heller ikkje alle som får tilbod om slike vaksiner.

## Tekst: Trude Tomren

Det finst nokre få døveskular i landet, men ingen i regionen Adamaoua der vi budde. Det nærmaste skulen låg ei dagsreise nordover, i Garoua.

Nokre døve born dukka opp heime hjå oss, fordi dei hadde hørt om ein kvit misjonær som kunne snakke med døve. Teiknspråk var heilt ukjent for dei. Dei hadde, som dei aller fleste funksjonshemme born i Afrika, aldri gått på skule. Våren 2008 tok Tom til med å undervise dei 5-6 borna tre ettermiddagar i veka, med litt teiknspråk, enkel matematikk, og alfabetisering.

Ryktene gikk, og borna vart fleire og fleire.

Vi hadde nokre samtaler med folk i kyrkjelydinga i EELC (den Evangelisk-Lutherske kyrkja i Kamerun), og dei ville meir enn gjerne gje dei døve borna

tilbod om undervisning. Dei hadde ikkje pengar, men dei stilte opp med lokale til undervisninga, og etter kvart kom ei av dei tilsette i kyrkja si skuleleiing (Eliane Djebdi) med som lærar for borna. Døvekyrkja sin sokneprest i Bergen, Lars Hana, vart med som ein viktig støttespelar. EELC tok kontakt med NMS si leiing i Stavanger, og i løpet av 2009 vart undervisninga tatt inn som ugarantert prosjekt i NMS.

Fransk er det største språket i Kamerun. Døveskulen i hovudstaden Yaoundé brukar fransk teiknspråk, og dette var naturleg nok framand for Tom. Ettersom det ikkje er mange som kan teiknspråk i Kamerun, velte vi å sende ein ung mann til Yaoundé for å ta ei tre-årig utdanning i fransk teiknspråk. Han heiter Amos Ounsoubou, og er no rektor for skulen i N'gaoundéré. Folk frå døvekyrkja i Bergen samla inn pengar til dette.

Medan Amos var i Yaoundé på opplæring, underviste Eliane og to andre lærarar borna i fransk, metematisikk og kristendom. Dei lærte sjølv litt teiknspråk frå materiell vi fikk sendt frå Frankrike, og dei lærte dette vidare til borna. Det er kanskje vanskeleg å forstå kor stor innsats det krev i ein slik fase av arbeidet, men vi må bare ta hatten av for desse fantastiske lærarane: Eliane, Angel og Benedicte. I denne



fasen var Tom ikkje lenger direkte involvert i undervisninga. Vi hadde andre jobbar i kyrkja, men følgde arbeidet tett. Trude var med i ei styringsgruppe der det òg var folk frå kyrkjeleiinga, og vi jobba mykje med å få på plass søknadar til styresmaktene i Kamerun så skulen kunne få offentleg godkjenning. Sidan byråkratiet i Kamerun er veldig kronglete, og det er store utfordringar i forhold til korruption, var det òg viktig å følgje dei tilsette på skulen gjennom arbeidet med administrasjonen. Nokre av foreldra var òg med i dette arbeidet.

Elian Djobdi er utdanna teolog, og var ei av dei fem første kvinnene i EELC som vart ordinert til prestetenste. No som Amos er attende som teiknspråklærar i N'gaoundéré, er det ho som får utdanning i Yaoundé. Ho vert kanskje den første døvepresten i EELC!

I dag er det nærmare 40 elevar på skulen, fordelt på 6 klassetrinn. Fem av dei har gjennomført og bestått grunnskuleeksamen etter den korte tida, og er no klare for å gå vidare i skulesystemet. Dette seier litt om innsatsen som er lagt ned, både hjå lærarar og elevar!

Over halvparten av borna er muslimar, og foreldra deira uttrykkjer at dei er svært glade for denne innsatsen som kyrkja gjer i Kamerun.

Dei opplever av dei vert godt mottekne sjølv om dei tilhører ein annan religion, og dette er kanskje den beste forma for evangelisering ein kan vere med på? Det er kristen nestekjærleik i praksis.



Gudstjeneste i Bruvik kyrkje 17. mars der Amos holdt preika. Moise og Flavia deltok også. [Foto: Otto Mo]

# CAMILLA COLLETT HAR 200-ÅRS JUBILEUM

Systera til nasjonaldiktaren Henrik Wergeland var fødd 23.01.1813. Bestefaren hennar var klokkar på Hosanger. Camilla derimot, som levde fram til 1895, budde mest på Eidsvoll, i Oslo og ute i Europa. I jubileumsåret for kvinneleg stemmerett, bør ein ikkje gløyma at Camilla var mellom dei første kvinner i landet vårt som sette fokus på dette.

Tekst: Nils-Aksel Danbolt Mjøs

Camilla Wergeland vart i 1841 gift med bygdeguten Jonas Collett som hadde utdanna seg til jussprofessor. Tidlegare hadde ho alt frå 16-års alder hatt eit langt intimt venskap med diktaren Johan Sebastian Welhaven, noko både broren Henrik og faren Nicolai misslikte. Ekteskapet med Jonas varte berre i fire år for då døydde han, og Camilla sat att med ein liten pensjon. "Det verste av alt for en norsk kvinne er å bli enke", skrev ho då. Dei fekk likevel fire sønner. Camilla hadde fått mykje støtte av Jonas, han var einig med Camilla i synet hennar på stemmeretten, at den burde vera for begge kjønn. Og også i at kvinner burde få gje ut bøker og skrifter under eige namn og ikkje pseudonym som var det vanlege då. Det var ikkje nok at kvinnene var omtala med namn i Bibelen, og at Dorthe Engelbrechtsdotter og andre hadde fått sine arbeid på trykk og dels fått dei inn i godkjende salmebøker. Kvinner skulle spela ein underordna rolle. Camilla gifta seg aldri opp att og måtte la slektningar oppdra tre av dei fire borna sine.

Faren, Nicolai Wergeland, hadde barndommen sin i Mjøsdalskrinsen. Faren hans igjen var klokkar der, han kom som innflyttar frå Lindås. Etternamnet kjem frå ein gard i Sogn, Verkland.

*Her har far Nicolai måla den unge dottera si.*



Men Nicolai måtte ut for å gå på skule. Først til Bergen, på Fattigskolen og Bergen Katedralskole, der namnet hans ennå heng på heiderstavla. Så bar det til København for studier. Nicolai vart prest og var med på riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814, innvald frå byane på sørlandet.

Eldstebroren var Henrik, og til saman hadde Camilla tre brør og ei søster. Søstera Augusta vart gift med presten Vedøe i Suldal, Ryfylke.

Bøkene til Camilla kom først ut anonymt. I "Amtmannens døtre", eit tobindsverk som kom ut midt på 1850-talet, seier ei av dei fire døtrene i forteljinga at "Vår skjebne er at giftes bort". Kanskje livet som ugift kvinne hadde vore betre? Dette blei den einaste romanen ho skreiv, men det finns mykje anna etter henne. I erindringsboka "I de lange netter", skriv ho om korleis det er å mista ektemannen.. I "Opptegnelser fra ungdomsårene" skriv ho om tilhøvet til Welhaven. Ho var eit skrivande menneske gjennom heile livet.

Camilla hadde vore elev ved ein folkehøgskule i Haderslev, Danmark, der ho blei kjend med ein varmhjarta, personleg kristendom, medan "den kalde fornuft"- kristendommen rådde ellers i Danmark – Noreg. I alderdommen vende ho attende til si barndoms- og ungdoms kristne tru.

Forfatterinna blei i moderne tid heidra med eit portrett på 100-kroneseddelen som var i bruk mellom 1979 og 1997. Ho ligg gravlagd på Vår Frelsers gravlund i Oslo.

*Det kjende portrettmåleriet laga av Görbitz i 1839*



# Helsing til Hamre kyrkja

Av Ester Mæhle

Eg gjerne vil deg helsa og gjeva deg eit kvad,  
du kjære-gamle - stolte -Hamre –kyrkja.  
Du lyser klårt i hugen og gjer meg hjarteglad,  
når eg deg kjem i hug i helg enn vyrkja.  
Om somme ser so vel du er tjørebriedd og svart,  
ein Hamresokna tykkjer du lyser ljós og bjart  
kvar enn han ferdast om i verda vide.

Du tok i dåpen meg inn i din milde moderfamn,  
som du i mange sekel tok mot alle.  
Her ætt på ått vart adla til kristentru og namn,  
som av di klokkeringing let seg kalle.  
Du stod so still og lydde og signa med din fred,  
og sidan har du minna meg tadt om krossens tre,  
det merke eg vart signa med i dåpen.

Og når eg so vart større og fylgte far og mor  
til kyrkja var det høgtidsamt og fara.  
Eg undrande då hørde på Herrens klåre ord,  
Gud gjev eg måtte barnetrua vara.  
Og barneauga granska deg kyrkjehuset då  
so eg i minne ber deg kor langt eg er i frå,  
om det går år imellom eg får sjå deg.

## Osterfjorden

Alltid etterpå var det  
denne fjorden eg tenkte på.  
Skyene ,dei blå fjella  
som spegla seg i fjorden  
ved solefall.

Nausta og dei tjørebredde båtane  
og lukta av tang.  
Eg tenkte aldri at noko var annleis  
før eg kom langt frå sjøen.

No veit eg.  
Men lengten etter tang og tare  
og sjøen som aldri er still, heng att.

Den vil ikkje døy  
so lenge eg lever.

Begge desse dikta finn du i boka *Dagar, draum og dikt* som ho gav ut i 2010. Boka inneheld mange nydelege dikt og om korleis det var å veksa opp i mellomkrigstida.


Altertavlalys over duka nattverdbord  
av kleberstein er døypefonten fine.  
Og apostlane er måla vent på veggjen i ditt kor,  
derfrå ser dei kjærleg ned på meg og mine.  
På søyalar er det snirklar etter trugen kunstnarhand  
og gava gjæv er gjeven av so mang ein heidersmann  
heilt frå den gong nonner trakka over telet.

Ei råme kring deg kyrkjeskip er haugane der rundt,  
og ut mot fjorden der har du vendt stamnen.  
Ein kvilestad der innat deg du ætt på ått har unnt,  
der fann dei dei livd inn i den siste hamnen.  
På kyrkjebakken møttest so mang ei møy og gut,  
med prest og lensmann liste dei siste hende ut,  
den tid gapestokekn stod der støkk og sturde.

Men tida fer so fort, eg er kje Hamresoknar no,  
eg vil på dette vis ei takk deg kveda.  
Du stod der støtt og trufast og gav mitt hjarta mot  
når eg deg møta fekk i sorg enn gleda.  
I hjarta mitt so hugheil ein plass du heve rudit,  
at aldri noko det kan ta i frå meg.

Ester Mæhle

## Dagar, draum og dikt



*"Dagar, draum og dikt"*

Om du enno ikkje har skaffa deg denne interessante boka  
av Ester Mæhle der ho m.a. fortel om bakgrunnen sin  
frå Raknes og om korleis det var å veksa opp i bygda den  
gongen. Her er dikt og prosastykke, alt skrive både lunt og  
nært, men samstundes med ein skarp og god penn.

Boka kan kjøpast i bokhandel, frå Kolofon Forlag  
eller ved å ta kontakt med Ester Mæhle tlf. 56 39 02 72  
(evt. 99 10 70 49)

*Unn deg ei god leseoppleveling!*

# KONFIRMANTLISTE 2013

## 28.04.2013 kl.10:00 GJERSTAD KYRKJE

### JENTER

ENGSTRØM MAREN  
HOVDEN HEIDI-MARIE  
SKEIDSVOLL HANNA  
SØGNESAND ADELHEID SAXSTAD

### GUTAR

GJØSTEIN SANDER FOSSDAL  
HANSEN ANDREAS GUDMUNDSEN  
SOLBERG JARLE BIRKAAS  
VEVLE SINDRE REVHEIM

## 28.04.2013 kl.12:00 GJERSTAD KYRKJE

### JENTER

BIRKAAS AMALIE MALEN KALLEKLEV  
BRUVIK MALENE HANSEN  
HAGEBØ FRIDA  
KLEIVELAND INGRID  
LONE KRISTIN VEVLE  
LØTVEIT ANITA  
MJELSTAD KRISTINA G  
RONGVED VIKTORIA SVENHEIM

### GUTAR

EVENSEN FREDRIK  
GJERSTAD PETTER  
HANNISDAL MATS  
HATLAND JOHANNES LONE  
HAUGE HJALMAR JOHAN  
RONGVED REINO  
VEVLETVEIT ADRIAN HANSEN  
VÅRDAL VEBJØRN

## 28.04.2013 kl.11:00 HOSANGER KYRKJE

### JENTER

ASKELAND HANNA  
BIRKELAND SARA  
FOTLAND MARIE LONE  
HANNISDAL ELIDA HAGEBØ  
HANSTVEIT SILJE KALLEKLEIV  
HEGGERTVEIT JUNE ERDAL

JØRGENSEN VILDE ROSSLAND  
LANGELAND HILDE-BEATE STEINSLAND  
LITLAND KJERsti ELVIK  
MARKUSSEN INGEBORG VAARVIK  
SÆTRE CECILIE AAGESEN  
THOMASSEN ANDREA  
THOMASSEN SOFIA

### GUTAR

BERNES JONAS  
JOHNSEN LARS MAGNE EKANGER  
LILLEJORD JONAS  
LILLEJORD THOMAS  
LØTVEIT MARKUS GJELSVIK  
MARKUSSEN RAGNVALD VAARVIK  
MJØS SONDRÉ  
STIGEN MARIUS SIGLEVIK  
TYSSE MATIAS HANSTVEDT  
05.05.2013 kl.11:00 HAMRE KYRKJE

### JENTER

HALVORSEN CONNIE ELVIK  
JOHNSEN MALIN REBNORD  
KALLAND ANNELEN SKJELVIK  
OLSEN BENEDIKTE BRAKVATNE

### GUTAR

AASTVEDT VEGAR TVEDT  
ALDEN DANIEL BOLSTAD  
ANGELSKÅR BJARTE FONN  
BERTHELSEN ANDRE ZAHL  
BOLSET BREDE  
BURKELAND JOAKIM THUNESTVEIT  
FOTLAND RENE  
JØRGENSEN BENJAMIN SKJELFJORD  
KLEVELAND STIAN AASE  
MYKING SIMEN BREIVIK  
REVHEIM ØYVIND  
TANGERÅS JOAKIM MJØS  
VINDENES ESPEN NYMARK  
ÅGOTNES LEON-NIKOLAI SEILEN

**05.05.2013 kl.11:00 HAUS KYRKJE**

**JENTER**

BERNES KRISTIN SKÅR  
BØRTVEIT ELISE GUNDERSEN  
BØRTVEIT HELENE SKAFTUN  
HELLE ELIN BRUDVIK  
LANGELAND JULIE NESE  
VIK VILDE

**GUTAR**

BORGE ARNSTEIN  
BØE RUNAR HETLEVIK  
FJELDSTAD RASMUS  
GRØNSDAL SANDER JOHNSEN  
LILLEJORD ADRIAN ANDERSEN  
MORK EIVIND KÅRVATN  
SKAUGE KIM WIKSTØL  
THUNESTVEDT VICTOR  
VATLE ALF-EIRIK  
VESETH MATS  
VESETH KRISTIAN

**09.05.2013 kl.11:00 HOLMEDAL KYRKJE**

**JENTER**

VIK KAROLINE  
12.05.2013 kl.11:00 BRUVIK KYRKJE  
**JENTER**  
FJELDSTAD SØLVI

**GUTAR**

BORGE NILS-OLE  
HELLE JOHANNES  
MO ADRIAN  
NIKØY FABIAN JENSEN

**23.05.2013 kl.11:00 HAUGE I LÆRDAL**

**JENTER**

SJØTHUN IDA FRISTAD

Tal på konfirmantar: 88

**KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:**

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46,  
mobil 970 25 127

Roger Breivik, mobil 913 82 424

**KYRKJESKYSS TIL HAUS:**

Frå Sundland / Votlo: Anette Kårvatn  
908 74 357

Frå Havrå / Kvisti: Signe Hannisdal  
991 24 257

Frå Rolland / Mjeldalen: Madli og  
Olav Hannisdal 913 30 928

**KYRKJESKYSS TIL BRUVIK:**

Otto Mo 95 99 84 69  
Erling Bruvik 95 85 49 15

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer  
at folk kjem til kyrkje!  
Om ikkje dei oppsette personane køyrer  
sjølv, får dei andre til å gjera det.*



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy

### APRIL

#### Sundag 21/4-2013, 4. sundag i påsketida

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

**Haus kl 17:** Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

#### Sundag 28/4-2013,

**Hosanger kl 11:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Sørheim.

**Gjerstad kl.10:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Tomren.

**Gjerstad kl.12:** Gudsteneste. Konfirmasjon. Tomren.

### MAI

#### Sundag 5/5-2013, 6. sundag i påsketida

**Haus kl 11:** Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Hamre kl 11:** Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

#### Torsdag 9/5-2013, Helgetorsdag

**Bruvik kl 17:** Høgmesse. Nattverd. Tomren.

#### Sundag 12/5-2013, Sundag før pinse

**Bruvik kl 11:** Konfirmasjonsgudsteneste. Tomren.

#### Fredag 17/5-2013, Grunnlovsdagen

**Hamre kl 10:** Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

**Haus kl 10:** Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Sjømannskirken.

**Bruvik kl 11:** Festgudsteneste. Audun Mosevoll.

**Hosanger kl 12:** Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

**Gjerstad kl 12:** Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

#### Sundag 19/5-2013, Pinsedag

**Hosanger kl 11:** Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til DNM.

**Haus kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Takkoffer til KFUM/KFUK global.

#### Osterøy museum - Gjerstad kl 10:

Forenkla friluftsgudsteneste i samband med slektstreff for slekta Hauge. I kyrkja om dårlig ver. Ope for alle.

#### Måndag 20/5-2013, 2. Pinsegodsdag

**Hamre kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.  
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

**Bruvik kl 17:** Friluftsgudsteneste. Tomren.

#### Sundag 26/5-2013, Treeiningssundag

**Hosanger kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

### JUNI

#### Sundag 2/6-2013, 2. sundag i treeingstida

**Bruvik kl 11:** Familiegudsteneste. Tomren.

**Hamre kl 11:** Sprell levande Familiegudsteneste. Dåp.  
Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Osterøy  
søndagsskulen.

#### Sundag 9/6-2013, 3. sundag i treeiningstida

**Gjerstad kl 11:** Familiegudsteneste. Tomren.  
Utdeling av bok til 6-åringane. Kyrkjekaffi.

**Bruvik kl 17:** Kveldsgudsteneste. Tomren.

#### Sundag 16/6-2013, 4. sundag i treeiningstida

**Hosanger kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.

**Haus kl 12:** Friluftsgudsteneste. Speidarane. Tomren.

#### Sundag 23/6-2013, 5. sundag i treeiningstida

**Haus kl 11:** Høgmesse. St.Hansaftan. Dåp. Nattverd.  
Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.  
Fest i Prestegardshagen.

#### Sundag 30/6-2013, 6. sundag i treeiningstida

**Gjerstad kl 11:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

**Hamre kl 19:** Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**FRILUFTSGUDSTENESTE 7.JULI  
PÅ REVHEIMSTØLEN VED SOKNEPREST TOMREN.  
TILSKIPARAR ER GJERSTAD SOKNERÅD,  
OSTERØY LIONS OG OSTERØY FRÅHALDSLAG.**


# *Det fantastiske livet*

## Bokmelding av Øyvind Vevle

**Dr. med. Kjell J. Tveter:**

**Livet – skapelse eller tilfeldighet.**

**Hermon Forlag 2012 hft. 187 s.**



*"O lille såde Fløytenist!  
Hvo gav deg disse Egenskaper?"  
Saa raabte jeg mot Bjerget hist,  
Og Echo svarede: - - en Skaber.*

Eg kom til å tenkja på desse linene frå diktet "Majdagen" av Christian Braunmann Tullin i samband med denne boka. Forfattaren av diktet gjekk ein fin maidag ut frå sitt "melancholske Fængsel", kasta seg ned på ein haug og tok imot inntrykka som strøymde på han "For Lugt, for Syn og alle Sandser", og lerka med den sprudlande songen sin vitna om ein skapar.

Dette er temaet for professor Kjell Tveter si bok om "livet". Boka er eit oppgjer i norsk målform med evolusjonsteorien. Internasjonalt har det kome fram mange viktige innvendingar mot utviklingslæra, men i norsk samanheng har slike innvendingar helst vorte møtte med latter og avvising. Kritikarar av denne teorien har ikkje fått forskarstillingar ved universiteta våre, og dei slepp ikkje til i dei store tonegjevande media. Så inngrodd er trua på utviklingslæra i norsk samanheng at ho framleies vert framstilt som ei udiskutabel sanning i norske lærebøker i biologi trass i forfalskingar og tvilsame tolkingar av fossil som har vorte ført i marka for å prova ho, t. d. "Piltdownmannen", "Neanderthalmannen" eller hesten si utvikling.

Mest alle tilhengarar av utviklingslæra er ateistar, dei trur ikkje på Gud. Nokre hevdar at vitskaplege fakta gjer religiøs tru umogleg. Dei har eit naturalistisk syn på tilværet. I følgje dette synet ligg dei skapande krefte i naturen sjølv, og sidan dei i utgangspunktet utelet trua på Gud, kan dei sjøvsagt ikkje sjå spora etter han i skaparverket heller.

Det er granskinga av levande celler som har reist dei største innvendingane mot evolusjonsteorien dei siste ti-åra. Særleg har oppdaginga av DNA-molekylet og den mengde informasjon som ligg i det, vist kor komplekse livsprosessane er. Det er fasinerande å lesa om informasjonsformidlinga i levande celler, ein prosess som er så avansert at han må vera styrt av ein intelligens, som forfattaren kallar det. Og her kjem darwinismen (utviklingslæra) til kort. "Darwinismen kommer ... i direkte konflikt med informasjonsbegrepet og reglene for informasjonsformidling i den levende celle. Og den kan derfor ikke formidle sannheten om livet. Dette er en innvending som alene er nok til å forkaste darwinismens blinde krefter," heiter det. Det er rett og slett naturen sjølv som ikkje tillet oss å tru på ei så fantasifull og forenkla lære som darwinismen. Nokre av dei naturalistiske forskarane er årlege nok til å innrøma dei store problema her. Men av filosofiske og kjenslemessige grunnar kan dei ikkje tru på Skaparen. Ein av dei, nobelprisvinnaren Georg Wald, har sagt: "Spontan opprinnelese ble motbevist av Louis Pasteur for hundre år siden, og det leder oss ikke til noen annen konklusjon enn en overnaturlig skapelse. Dette kan vi imidlertid ikke akseptere av filosofiske grunner. Derfor velger jeg å tro det umulige: at livet oppsto spontant av ren tilfeldighet." Informasjonsformidlinga i levande celler tillet heller ikkje utvikling frå eit dyreslag til eit anna. For då må det koma til ny informasjon i cellene, og han kan ikkje verta til av seg sjølv. Informasjon må verta skapt av ein intelligens som har eit bestemt formål med han. Og det peikar i retning av Gud. Så det mest sanssynlege, også frå eit vitskapleg synspunkt, er det som står i skapingssoga: "Og Gud sa: Jorda skal la levande skapningar gå fram, kvart etter sitt slag. ---- Og det vart slik."

Professor Kjell J. Tveter har gjeve oss ei fasinerande bok som kan opna augo våre for det verkeleg store i skaparverket. Ho er lettlesen, med ei etter måten enkel framstilling i dei første 64 sidene, og litt fyldigare i resten.

# Slekters gang

## **Døypte:**

### **Haus**

17.03.13 Emina Hestnes Vik

07.04.13 Nicholas Vangen

07.04.13 Camilla Dyvik

### **Gjerstad**

24.02.13 Isabel Hopsdal Daltveit

10.03.13 Natalia Daltveit Bysheim

31.03.13 Julia Steine

31.03.13 Noah Høylo Tiemann

31.03.13 Theodor Bølstad Stølsli

### **Hamre**

03.03.13 Joakim Smette Rønhovde

03.03.13 Elida Birkaas

30.03.13 Lena Oliwia Myking Vedå

### **Hosanger**

10.03.13 Aron Thomassen Pedersen

07.04.13 Fredrik Bruvik

07.04.13 Sofie Hole Maziliauskaite

07.04.13 Julian Olsen Skjerpning

07.04.13 Leander Olsen Skjerpning

## **Vigde:**

### **Hamre**

16.02.13 Kristin Hjellvik og Øystein Espelid

### **Haus**

16.02.13 Maren Evensen og Ole Andre Reigstad

## **Gravlagde:**

### **Haus**

22.02.13 Ingfrid Aasheim (f. 1926) Mjeldalen

08.03.13 Mons R. Mjelde (f. 1918) Mjeldalen

### **Hosanger**

15.02.13 Erling Magnus Hole (f. 1926)

26.02.13 Ingeborg Hanstveit (f. 1908)

01.03.13 Bjørg Kleppe (f. 1932)

05.03.13 Guri Marie Jørgensen (f. 1938)

05.03.13 Brigt Nesheim (f. 1924)

### **Gjerstad**

19.02.13 Alfred Martin Mæhle (f. 1915)

### **Hamre**

22.03.13 Marit Mjelde (f. 1932)

### **Bruvik**

05.04.13 Normann Stokke (f. 1918)

09.04.13 Olga Margrete Skaftun (f. 1921)

*Hosanger sokneråd vil takka for minnegåva som kom inn i samband med gravferda til Mike Bardsley.*

# TAP

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedde-mål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



# REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

## BLINK HUS

## Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES  
OSTERØYKROA  
56193434



YX Osterøy Servicesenter  
5281 Valestrandsfossen  
56 39 41 86

## Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73  
Revheim  
5282 Lonevåg



SparebankenVest  
- satsar på Vestlandet

# MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



TOTALLEVERANDØR AV  
ELEKTROINTALLASJONER  
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR  
**Thunestvedt**

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00  
[www.thunestvedt.no](http://www.thunestvedt.no)

TAKK FOR STØTTA  
FRÅ SPONSORANE VÅRE!


# ENDÅ EIN 200-ÅRING

I Kristiansand har dei hatt over 30 biskopar. Berre ein av dei er meir kjend for eventyra sine enn for bispegjerninga: Jørgen Moe. I år er det 200 år sidan han vart fødd.

Tekst: Kristoffer Foldøy/Kirkeaktuelt

Den ein halvparten av duoen Asbjørnsen og Moe hadde altså sterkt kyrkjeleg tilknyting. Jørgen Moe var biskop i Agder i sju år fram til han døydde i 1882. Som ung mann reiste han rundt i landet saman med Peter Christen Asbjørnsen og samla inn folkeeventyr. Arbeidet deira har gleda stadig nye generasjonar av eventyrlade born og vaksne, vorte inspirasjonskjelde for anna diktning og ulike kunstnarlege uttrykk, i tillegg til at det vart eit identitetsskapande bidrag til den nye norske nasjonen.

Jørgen Moe har også skrive barneboka "I brønden og i tjærnet", og gjeve ut mange dikt. Nokre av desse er tonesette, slik som "Det lysnet i skogen". Mest kjend er vel teksten han har skrive til Ole Bull sin melodi "Seterjentens søndag".



Så vonar vi at mai, du skjønne milde, gjer skogen etter grøn. Kanskje når bjørka å setja blad til 17.mai i år også. Det skjer mykje i naturen på kort tid i desse dagar. Har de stoff til neste nummer, må det sendast inn innan **1.juni**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



## Bunad og stakkastovo as

*ny bunad*

*omsaum*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*